SETESDAL FOLKEHØGSKULE
MOTORSPORTSKULEN

EIT ÅR MED BENSIN, ADRENALIN, RASANDE FART, MØKKETE KLEDE OG HYLANDE MOTORAR! PLUSS NOKRE VENNAR FOR LIVET. ÅRET PÅ SETESDAL FOLKEHØGSKULE (SFH) BLIR EITT AV DEI BESTE ÅRA I DITT LIV!

KVIFOR SETESDAL FOLKEHØGSKULE?

- Skreddarsydd skuleår for ungdom som driv med motorsport
- Vidareutvikling av deg sjølv som utøvar og menneske
- Eit spennande år med topp kvalifiserte trenarar og treningssamlingar i inn- og utland
- Du bur tett på andre elevar med same interesse
- Mykje læring, men ingen eksamenar

DETTE FÅR DU ETTER EIT ÅR PÅ FOLKEHØGSKULE

- To konkurransepoeng som gir deg betre kvalifikasjonar ved inntak til høgare utdanning
- Auka realkompetanse som gir betre muligheit for jobb seinare
- Ein myk overgang til å bu for deg sjølv
- Muligheit til å utvikle deg i den retninga du sjølv ønskjer. Er det som toppidrettsutøvar? Som trenar? Som menneske?
- Auka innsikt med tanke på miljøspørsmål, trafikktryggleik og etiske refleksjonar.

KORLEIS DU BUR VED FOLKEHØGSKULEN

Du vil bu på internat og du har eige rom og deler bad med ein medelev. Nokre bur på dobbeltrom og deler bad med to medelevar. På internatet er det matservering heile undervisningsåret. Det er også fellesareal som kan nyttast etter ønskje og behov. Idrettshallen vil vere til disposisjon. Her kan du mellom anna trene styrke, spinning, spele badminton, volleyball eller fotball, og nytte bassenget og badstova.

KOSTNADAR

Eit skuleår ved Setesdal folkehøgskule kostar 85.000 kroner. Dette dekker alt utanom lommepengar og reservedelar.

Du får dekka folkehøgskuleåret gjennom lån og stipend frå Statens Lånekasse for utdanning.
Gå inn på www.lanekassen.no for meir informasjon og søknadsskjema.

ELEVFØRESETNADER OG OPPTAK

- Inntak startar 1.februar og held frem til plassane er fylt opp
- Du må ha gyldig lisens gjennom heile skuleåret
- Du må stille med eige utstyr (køyretøy og sikkerheitsutstyr)
- Du må vere motivert til å bruke tid på motorsporten og like fysisk trening
- Du må respektere og lytte til medelevar og dei tilsette ved skulen
- Aldersgrense er 16 år, eller at du fyller 16 år innan jul det året du startar på skulen
- Du må prioritere linje
- Dokumentasjon av tidlegare skulegang må kunne dokumenterast
- Vi vurderer fråvær og orden frå tidlegare skulegang
- Vi er villige til å inngå dialog med søkjarar om spesialavtalar

KVA KAN VALLE TILBY?

På motorsenteret

- Snøscootercross og motocrossbane
- Trialterreng
- Innandørsanlegg for trial
- Verkstad
- Undervisningslokale
- Sanitæranlegg

Valle kan dessutan by på

- Alpinanlegg (Brokke og Hovden)
- Idrettshall med styrkerom, spinning, step, symjehall og badstue
- Sandvolleyballbane
- Fotballbane
- Innandørs skytehall
- Ljosløype
- Turløyper
- Sykkelruter

SETESDAL FOLKEHØGSKULE, 4747 VALLE TLF.: 92 42 31 06/37 93 75 00 MAIL: POST@VALLE.KOMMUNE.NO
WWW.VALLE.KOMMUNE.NO WWW.SETESDAL.FHS.NO